

# Venstre i vinden på ny valmåling

■ Kaprar eitt mandat ■ Framleis raud/grønt fleirtal



**PÅ VEG OPP:** Ap går fram på junimålinga. Men fylkesleiar og andrekanidat ved valet, Nils P. Støva, her saman med listetopp Åshild Kjelsnes og tredjekandidat Hilmar Høl, seier at dei har ein stor jobb å gjera fram til valet i september.

**ÅRDAL:** Marianne Øren (V) frå Lærdal ville fått sete på fylkestinget, dersom valet hadde vore for ei veke sidan. Men dei tre raud/grøne partia held på fleirtalet.

Partibarometeret som Sentio Research har arbeidd ut på oppdrag frå Sogn Avis, Firda og Firdaposten, fortel at Venstre er partiet som har auka oppslutnaden mest sidan målinga for tre månader sidan. 9,3 prosent av dei spurde seier at dei ville ha nytta røystesetelen til Venstre no, ein framgang på 3,5 prosentpoeng samanlikna med målinga i byrjinga av mars i år.

## Fire plassar

Venstre har i denne valperioden tre representantar i fylkestinget. Dersom tendensen frå dagens måling

held seg, vil partiet auka til fire plassar i neste periode. Noko som i sin tur betyr at Marianne Øren frå Lærdal ville få plass i fylkestinget.

Kvifor partiet i løpet av snaue tre månader aukar oppslutnaden sin med rundt reka 50 prosent, har ikkje Marianne Øren noko eintydig forklaring på. Men ho nemner mellom anna sjukehussaka som ei mogleg forklaring.

– Eg trur nok at måten sjukehussaka har vore handtert på, har gjeve Venstre vinst hjå veljarane, seier ho. – Elles trur eg nok at både nominasjonsarbeidet vårt, og at veljarane har fått augo opp for politikken til Venstre, dei beste forklaringane på framgangen vår, seier Marianne Øren.

## Ap klatrar

Ved sida av Venstre, er det Arbeidarpartiet og SV som kan notera seg framgang sidan målinga i mars. Mest fram av dei to går Ap, som med ein auke på 2,5 prosentpoeng til 22,8



**IFRANGANG:** Venstre er vinnaren i dagens meningsmåling. Framgangen betyr at Marianne Øren truleg blir å

finna i fylkestinget etter valet.

(Foto: Jan Egil Fimreite)

prosent, tek att ein av dei tre plassane partiet måtte gje frå seg i marsmålinga. Ap er dermed oppe på ni plassar, og soleis den største partigruppa i denne målinga.

– Det er sjølvsagt bra at me har framgang i høve målinga tidlegare i år. Men eg kan ikkje seia meg nøgd med ein oppslutnad som ligg meir enn fem

prosentpoeng under valresultatet for fire år sidan. Så me har ein stor jobb framføre oss, seier leiar Nils P. Støva i Sogn og Fjordane Ap.

Medan Ap opplever framgang sidan målinga i mars, må Senterpartiet sjå at oppslutnaden har dala med 2,3

prosentpoeng til 21,7 prosent frå mars til juni. Og det betyr åtte i fylkestingsgruppa, mot elleve i inneverande periode.

## Sjukehussaka

I tida mellom dei to meningsmålingane har regjeringa konkludert i sjukehussaka. Nils P.

Støva trur at det har vore med og styrkt oppslutninga om Ap.

– Det regjeringa konkluderte med om lokalsjukehusa trur eg har vore med og auka oppslutnaden om Ap. Særleg gjeld det i dei sterke Ap-kommunane i Indre Sogn,

der dei er godt nøgde med dei løysingane regjeringa kom med for sjukehuset i Lærdal, seier Støva.

Kjell Eldegard  
kjell.eldegard@sognavis.no

## Nedtur for dei blå

Både Høgre og Frp opplever tilbakegang i dagens partibarometer.

I marsmålinga var det Høgre og Noralv Distad som innkasserte den største sigeren. Høgre er framleis godt trudd hjå veljarane, men oppslutnaden på 20 prosent denne gongen betyr at partiet må bokføra eit veljartap på to prosentpoeng. Likevel tel

fylkestingsgruppa til Høgre åtte representantar i målinga, tre fleire enn partiet har i dag.

## Tre av ti borte

Verre ser det ut til å stå til hjå Framstegspartiet. I mars var Frp oppe i ein oppslutnad på 12,6 prosent, men i løpet av tre månader har om lag tre av ti som sympatiserte med Frp den gongen, skifta meinings. Tilbakegangen på 3,5 prosentpoeng, betyr at partiet endar på 9,1 prosent. Noko som er 0,2 prosentpoeng under opp-

slutnaden til Venstre, og ei fylkestingsgruppe på fire. Slik som i dag.

Står resultatet i dagens partibarometer seg fram til valdagen, blir det KrF og SV som blir dei to minste partia i fylkestinget. KrF har ein oppslutnad på åtte prosent, ein framgang på 0,7 prosentpoeng sidan mars. Men talet på representantar i KrF-gruppa ser ut til å bli tre, det same som i inneverande periode.

## Eitt mandat fram

SV får tilslutnad frå 7,1

## Leier nordisk komité

**LEIKANGER:** Fylkesordførar Nils R. Sandal er utpekt som ny formann for NORA. Han avløyer den tidlegare leiaren, islandske Ingá Ósk Jónsdóttir. – NORA er ein spanande organisasjon som arbeider for å styrkja samarbeidet mellom landa i Nord-Atlanteren. Eg har vore medlem av NORAs komité og arbeidsutval i fleire år og gler meg til å bidra til at samarbeidet mellom Island, Fær-

øyane, Grønland og kystfylka i Norge, frå Rogaland i sør til Finnmark i nord, vert ytterlegare styrkt, seier Sandal, som ikkje stiller til attval som fylkesordførar i år. NORA er ein mellomstatleg organisasjon under Nordisk Ministerråd. Organisasjonen består av Færøyane, Grønland, Island og dei ni norske kystfylka frå Finnmark i nord til Rogaland i sør.



**FORPROSJEKT:** Liv Signe Navarsete fekk overlevert forprosjektet for kongevegen av Paal Fosdal, fungerande regionvegsjef.

## Store reiselivsvyer for Kongevegen

**MARISTUEN:** Ein ferdig restaurert kongeveg mellom Lærdal og Øye skal stå klar innan 2020. Men alt innan 2014 skal fleire etappar vera klare til å ta imot turgåarar frå inn- og utland.

– Dette handlar om det autentiske, det handlar om å fortelja historia om to lokalsamfunn og det handlar om folk som vil oppleve det ekte, sa kommunalminister Liv Signe Navarsete då ho fekk levert forstudien til kongevegprosjektet ved Maristuen onsdag ettermiddag.

## Åtte mil veg

Forstudien er eit imponerende stykke arbeid. Åtte mil av den historiske vegstrekninga mellom Lærdal og Øye er kartlagd, i eit samarbeid mellom Oppland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar, Vang og Lærdal kommunar, Valdres Natur- og kulturpark, Valdresmusea og Statens vegvesen.

Størst i partibarometeret er gruppa som framleis sit på gjerdet. 38,7 prosent av dei spurde seier at dei ikkje veit kva parti dei skal stemma på. Samfunnsdemokratane, vallista til Ap-utbrytaren Gunnvor Sunde, er ikkje registrert som eige parti i partibarometeret.

alternativ der delar også er lagt til rette for funksjonshemma. Det kan leggjast opp til småturar, dagsturar og fleirdagsturar. Adriansen meinte at kongevegen også kunne bli ein del av grunnlovsjubileet i 2014, då fleire av eidsvollmennene reiste nettopp over Filefjell på kongevegen. Ein av dei, Fredrik Meltzer, skreiv også dagbok frå turen.

## Hastar

Forprosjektet avslørte at tilstaden på kongenvegen ikkje er den aller beste. Det hastar rett og slett med å setja inn ressursar for store delar av dette kulturminnet går tapt. Forfallet er kome langt, men det er framleis mogleg å reversera denne utviklinga.

– Men det er i siste liten, naturen er i ferd med å ta vegen tilbake. I tillegg er det ein del menneskeskapt skader gjennom motoristert ferdsle, sa Adriansen, som la til at alt skulle no ligga til Sogn og Fjordane fylkeskommunar, Vang og Lærdal kommunar, Valdres Natur- og kulturpark, Valdresmusea og Statens vegvesen.

## Historie

Den Bergenske Kongeveg, som var det offisielle namnet, var den første offentleg bygde køyvegen mellom aust og vest og stod ferdig i 1793. Den markerte starten på moderne vegbygging i Noreg. Navarsete minna også om ein annan del av historia, blant anna på Filefjell der marknaden som samla både sogningar og valdreser

inneheldt litt av kvart.

– Det er utruleg mykje historie knytt til denne vegen, kanskje skal me ta opp att tradisjonen med marknad på Filefjell der folk kan møtast til dyst, hygge og glede. Vegen vil vera med på å skapa identitet og skapa omdøme. Her ligg det historiske motiv på rad og rekkje, blant anna her på Maristova, sa Navarsete, som også trekte inn samhandlingsreforma som ein stolpe der kongevegen ville vera viktig.

## Folkehelsa

– Aktivitet er viktig for folkehelsa, og det vil løna seg for kommunane å halda folk friske. Ein tur på kongevegen vil hjelpe i så måte. Det er ikkje tilfeldig at folk reiser til Sveits for å gå turar på slike vegar, dei gjev oss noko meir enn ei oppleving i augneblinken.

Navarsete meinte også at fylkeskommunane måtte inn og bidra også i det vidare arbeidet.

– Dette vil vera midt i blinken i arbeidet med regionale utviklingstiltak. Her kan det heilt klart utviklast ny næring langs vegen. Det er ein del aktivitetar i dag, men det er også mogleg å byggja nytt, sa Navarsete, som lova å bidra der ho kunne.

– Eg har gode forbindelsar, som ho sa.

Jan Egil Fimreite  
jan.egil.fimreite@sognavis.no

Partibarometer for Sogn og Fjordane - mai 2011

